



Den nye banemeistaren Steinar Haugland.

Alle som var på Heio i dag, kunne ikkje unngå å leggja merke til at idrettsanlegget var langt meir innbydande enn på lange tider. I det fine veret stråla den nyslåtte og grøne grasmatta mot oss. Forklaringa ligg i at idrettslaget no har fått ny banemeister. Det er Steinar Haugland som skal følgja opp det gode arbeidet som m.a. Odd Therkelsen og Edvin Kjærland har gjort på banen tidlegare.

Steinar fortel at han har inngått ein fire års avtale med idrettslaget. Han skal ha ansvar for slåing, gjødsling, tromling, kalking og stell elles av grasmatta. Han har og ansvar for grøntanlegget innanfor gjerde og parkeringsplassen. Til arbeidet har Steinar investert i ein stor og kostbar grasklippar.

Den nye banemeistaren fortel at dei hadde dugnad med godt oppmøte sist søndag. 20 store og små var med og raka og stelte løpebanen og ordna i området rundt. Det viste tydeleg att!!

Med banemeistaren på plass har idrettslaget fått på plass den viktigaste brikka når det gjeld drifta av det flotte anlegget på Heio.

Av: Thor Inge Døssland.